



## TYSNES KOMMUNE

Tysnes kommune

5685 UGGDAL

Telefon 53437020

Telefaks

Hordaland Fylkeskommune  
Postboks 7900

5020 BERGEN

UGGDAL, 19.09.2016

Saksnr.  
16/673

Dok.nr  
6059/16

Arkivkode  
500

Avd/Sek/Saksh  
TK//STDAL

Dykkar ref.

### REGIONAL PLANSTRATEGI FOR HORDALAND 2016 - 2020

Frå møte i FORMANNSKAPET 07.09.2016, saknr. 65/16.

De vert hermed orientert om at det er gjort følgjande vedtak:

Tysnes kommune gjev slik uttale til Hordaland fylkeskommune sitt framlegg til planstrategi 2016 – 2020:

Tysnes kommune er positiv til at fylkeskommunen tek mål av seg til å verta ein tydelegare pådrivar for samfunnsutviklinga i fylket og meiner planstrategien med sine mål, strategiar og planar for neste fireårs periode omhandlar det som synest å vera dei viktigaste oppgåvene framover.

Kommunen vil likevel peika på og kommentera nokre område ein meiner er særleg viktige framover og som gjerne bør koma klarare fram i planstrategien:

- Å oppnå målet om høg sysselsetting og å arbeida for få ned arbeidsløysa må ha høg prioritet. Fylket må gje arbeidet med revisjon av den regionale næringsplanen høg prioritet og ta ein aktiv rolle i arbeidet med omstilling, marknadsføring og omdømmearbeid for å synleggjera kommunane og lokalsamfunna sine kvalitetar, ressursar og moglegheiter.
- Planarbeidet som skal gjennomførast i neste fireårs periode må skje i nært samarbeid med og i samhandling med kommunane og andre aktuelle aktørar slik at ein sikrar god forankring og eigarskap lokalt. Det må koma tydeleg fram at det er tilhøva i lokalsamfunna i kommunane og regionane som avgjer i kva grad fylket er eller vert oppfatta som berekraftig, attraktiv og nyskapande.
- Det må sørgjast for at kommunane og andre aktørar får god kjennskap til og eit eigarforhold til planstrategien og dei enkelte planane etter kvart som dei ligg føre, og det må koma tydeleg fram kva som skal til og kven som har ansvaret for at planar og tiltak vert gjennomført og forankra og integrert i kommunane sine eigne planstrategiar og planar. Det er i stor grad i kommunane og regionane resultatata av planane med sine handlingsplanar og tiltak må visa seg.
- Gjennom hovudmålet *samarbeid i ein sterk Vestlandsregion* må ein arbeida for å få ein regionstruktur som gjer fylket best mogleg i stand til å nå dei måla og

møta dei utfordringane som er skissert i planstrategien, og best mogleg i stand til å få planar og tiltak gjennomført.

- Under strategiar under *hovudmålet eit inkluderande samfunn* bør ein ta med at ein skal utvikla meir attraktive *lokale* og regionale senter og ikkje berre regionale senter slik det står.
- Kommunen saknar ei betre synleggjering av korleis arbeidet med å førebyggja alvorlege hendingar som følge av ras, skred, flaum, havnivåstiging og sterke vindar og for korleis arbeidet med samfunnstryggleik og beredskap er forankra i planstrategien.
- Kommunen meiner det hadde vore ein fordel om den regionale planstrategien hadde vore klar før kommunane starta sitt arbeid med sine planstrategiar for neste fireårs periode.
- Tysnes kommune meiner at einskilde konkrete planar kanskje bør vurderast under andre hovudmål enn dei er sett opp under, alternativt at dei vert ført med referanse til fleire av hovudmåla. Det er viktig at rett mål vert lagt til grunn for den einskilde planen.

Med helsing  
Tysnes kommune

Steinar Dalland  
rådmann

*Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.*